

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I KVITeseid KOMMUNE (Forskrift)

Jf. lov av 7.juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) § 21.

Vedtekne i Kviteseid sokneråd 28.02.2018. Korrigeret etter tilråding frå gravplassrådgjevar i Den norske kyrkja 26.04.2018. Godkjente av Agder og Telemark bispedømmeråd 15.05.2018).

§ 1. GRAVPLASSTILHØRE

Avlidne personar i kommunen kan normalt gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein øniskjer med nokre unntak* (*sjå §§ 9 og 10).

Avlidne personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i eit anna sokn eller i ein annan kommune mot slutten av livet, har same rettar som kommunen sine eigne innbyggjarar.

Avlidne personar frå andre kommunar kan gravleggjast i kommunen mot at kostnadene ved gravferda og festeavgift vert betalt.

§ 2. FREDINGSTID OG FESTETID

Fredingstid for kistegraver er 20 år.

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

Festetida er inntil 40 etter fredingstida.

§ 3. FESTE AV GRAV

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå soknerådet for ei ekstra grav i tillegg, når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad. Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Tilvist grav er utan kostnad med festeavgift dei 20 fyrste åra. Reservert grav er festa og må fortsatt betalast festeavgift for etter at den tas i bruk med ny gravlegging eller urnenedsetting..

Når festetida er ute, kan enkeltgrav eller gravstad festast for nye 5 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan feste ikkje fornyast utan etter særskilt samtykkje frå soknerådet.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Det gjerest i Kviteseid ved at faktura for feste for fem nye år vert sendt ut. Er festet ikkje fornya innan seks månader etter forfall, fell grava/gravstaden tilbake til gravplassen.

Ingen kan gravleggjast i festa grav utan samtykkje frå festaren. Dersom den ansvarlege for frigrav eller festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan soknerådet avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festaren plikter å melde frå om endring av adresse.

§ 4. GRAV OG GRAVMINNE

Når grav vert opna for ny gravlegging, kan jord bli lagt på gravene omkring og gravutstyr/gravsteinar mellombels flyttast. Tilsette på gravplassen syter for at gravene vert sett i stand att og at den nye grava vert planert og tilsådd med gras, tidlegast 6 månader etter siste gravlegging.

Montering av gravminne kan fyrst skje etter at soknerådet har godkjent gravminne og merka kor det skal stå. Gravminne kan normalt ikkje setjast opp tidligare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida set gravplassen opp eit merke med namnet til den avlidne.

På ny festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant av den grava som fyrst er teken i bruk.

Gravminnet skal då ikkje flyttast før grava vert sletta.

§ 5. PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast noko som vert høgare enn gravminnet eller vil gå ut over plantefeltet.

Det er ikkje høve til å plassere faste dekor-gjenstandar, blomsterurner, lykter med vidare i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys eller oljelampe på grava så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Hugs å vere aktsam med tanke på fare for brann. Stearinlys , oljelampe og andre lause ting skal fjernast etter bruk.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava eller deler av den med hekk eller daudt materiale. Unntak frå dette er liggjande bed-plate som ikkje er breiare enn gravsteinen og ligg i flukt med terrenget, eller ei enkel tre-ramme. Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Urnegrav på namna minnelund kan festast på same måte som andre graver etter fredingstida.¹

§ 6. PLANTEMATERIALE

Alt av planter, kransar og anna materiale som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal kunne komposterast.

§ 7. STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller er festar av ein grav, har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt, skal såast til av den ansvarlege eller dei tilsette ved gravplassen.

§ 8. AVTALE OM STELL AV GRAV.

Mot at den ansvarlege for frigrav eller festet betalar ein fastlagd sum, kan soknerådet ta over ansvaret for planting og stell av gravstaden for fleire år. Det skal då signerast ein avtale om dette. Midlane vert forvalta av soknerådet. Den innbetalte summen, med tillegg av renter, skal dekkje utgiftene til planting og stell av gravstaden i samsvar med avtalen, medrekna administrasjon og revisjon, for den fastsette tida. Midlane skal òg dekkje eventuell meirverdiavgift til staten, etter det som til ein kvar tid gjeld for soknerådet.

Det kan ikkje gjerast avtale som varer lenger enn den festetida som er igjen eller ein tilsvarande periode. Dersom dei økonomiske tilhøva endrar seg slik i avtaletida at midlane ikkje rekk til, skal soknerådet gje melding om dette til den som er ansvarleg for gravstaden. Det er då høve til å auke kapitalen slik at det rekk tida ut.

Vert det ikkje betalt inn det som trengst, vil stellet av grava avsluttast når midlane er brukte opp. Dersom det er midlar att av kapitalen når tida er ute, skal dei brukast av soknerådet til å gjere gravplassen vakrare.

Kapitalen frå dei ulike avtalane vert forvalta i fellesskap og går inn i soknerådet sin rekneskap. Det skal nyttast undersystem/reskontro som til ei kvar tid held greie på bruk av og kva beløp som står att på dei ulike avtalane.

Det er også mogeleg å betale gravstell for eitt år om gongen. Ein slik avtale treng ikkje signatur, men er gyldig når faktura for tenesta er betalt.

§ 9. FREDING OVG VERN

Lokalt vern av enkelte gravminne skal inngå i ein bevaringsplan for kvar gravplass, jf. forskrift til gravferdslova § 27. Før ein eventuelt tek bort gravminnet, vil soknerådet gjera ei vurdering om vern. Det kan skje ut frå mellom anna alder, stilhistorie, interessant personalhistorie, lokalt særpreg, gravminne som er unikt, gravminne med stor kunstnarisk eller handverks messig

verdi, gravminne med sjeldan inskripsjon, gravskrift, yrkestittel, eller symbolbruk. Det er soknerådet som vedtek vern av gravminne.

Kyrkjegardane ved Kviteseid gamle kyrkje og på Vrådal gamle kyrkjestad, er ved lov automatisk freda (Kulturminnelova § 4, fyrste ledd). Det betyr mellom anna at det ikkje skal gravast der utan løyve frå riksantikvaren. Unntak frå fredinga er graver som har vore i kontinuerleg bruk etter siste verdskrig. Det er altså mogleg å bruka att graver som er nyare enn 1945 og samstundes eldre enn 20 år. Det er altså berre nokre avgrensa graver på Kviteseid gamle kyrkjegard som kan nyttast på ny. Vrådal gamle kyrkjegard brukast ikkje til nye graver.

§ 10. RESTRIKSJONAR

På Kviteseid kyrkjegard ved Kviteseid (nye) kyrkje tildelast ikkje nye kistegraver på felt D og E og i dei brattaste områda av felt A, B og C, av omsyn til arbeidsmiljøet og tilgjenge for gravemaskin. (Jf. soknerådsvedtak 54/17) Reserverte graver i festa gravstader kan likevel nyttast så sant det lar seg gjere. Det presiserast at gravplassen ikkje er stengt for bruk etter gravferdsforskrifta §5 (2), men at det er sett nokre restriksjonar kring bruken. Områda eignar seg godt til urnegraver.

§ 11. BÅREROM

Kyrkjeleg fellesråd disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Syning av lik kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette i kyrkja eller på gravplassen.

§ 12. NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen, skal ha løyve frå soknerådet. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver. Løyvet kan kallast attende dersom vedkomande ikkje retter seg etter dei reglane som gjeld. Dei tilsette på gravplassen kan ikkje privat eller via eiga næringsverksemd utføre tenester for private eller næringsdrivande mot godtgjering. Dei kan heller ikkje engasjere seg i sal av varer og tenester som har med gravplassen å gjere.

Fotnote:

¹ Paragraf §5 siste ledd trår i kraft når plass som er sett av til namna minnelund er ferdig opparbeidd og tatt i bruk.